

## Høyring av verneplan for skog

### **Dalåsen naturreservat, Hjartdal kommune**



*Gamal furuskog med daud ved. Foto: Sigve Reiso*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark  
Februar 2021**

## **Innhald**

side

<b>1. Bakgrunn.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Heimelsgrunnlag.....</b>	<b>3</b>
<b>4. Saksgang.....</b>	<b>4</b>
<b>5. Verneplanen sitt omfang.....</b>	<b>6</b>
<b>6. Faktaark.....</b>	<b>7</b>
<b>7. Framlegg til verneforskrift.....</b>	<b>10</b>

**Vernekart fylgjer som eige vedlegg**

## 1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til vern av Dalåsen naturreservat i Hjartdal kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilbodet kom i juni og juli 2019 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2018 (kalkskog) som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

## 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane statsforvaltarane tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

## 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gjeve heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller

e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

#### 4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Dalåsen naturreservat vart meldt 11. juni 2020. Det kom følgjande merknader i meldingsfasen:

Riksantikvaren (e-post av 12.06.2020) syner til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar difor ikkje saka.

Språkrådet (brev av 29.06.2020) uttalar følgjande: «Ingen merknader. Namnet høver på området og Dalåsen er einaste godkjendte skrivemåte for naturnamnet i SSR.»

Bane NOR (brev av 09.07.2020) uttalar at planområdet ikkje rører ved jernbanen sine interesser, og dei har difor ingen merknader til planarbeidet.

Landbruksdirektoratet (brev av 17.07.2020) uttalar følgjande:  
«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

##### **Grundig beskriving av området**

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmende):

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- o Traktorveg i samband med jordbruk
- o Støl/seterområde
- o Beite
- o Reindrift

##### **Utforming av forskrift**

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør

*difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.*

*For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.*

*Vi går ut frå at Fylkesmannen sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»*

NVE (brev av 22.07.2020) uttalar at det i Dalåsen går ei 145 kV kraftline gjennom området, tilhøyrande Skagerak Nett AS. Det er såleis ein konflikt med denne. Dei uttalar elles mellom anna:

*«I områdene med konflikt med kraftlinjer forutsetter vi at standard bestemmelser om kraftlinjer blir tatt med i forskriften. I de tilfellene der et foreslått verneområde grenser til ryddegaten for kraftlinjen bør det vurderes å ta inn følgende bestemmelse: «Drift og vedlikehold, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall, på eksisterende energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet». Dette er for å ta høyde for at noe av vedlikeholdet med kraftlinjen vil kunne skje inne i verneområdet, for eksempel linjerydding.*

*NVE har generelt ikke kjennskap til nettselskapenes planer for distribusjonsnett, og vi forutsetter at områdekonsesjonær kommenterer eventuelle konflikter med egne anlegg og planer. Etter det vi kan se er ikke områdekonsesjonærene Vest-Telemark Kraftlag AS og Midt-Telemark Energi AS med på høringslisten, og vi ber om at de får anledning til å uttale seg.»*

NJFF Telemark (brev av 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«Så lenge de fremtidige verneforskriftene for områdene ivaretar NJFF Telemark sine interesser, på linje med tidlige verneforskrifter, har vi ingen innvendinger mot oppstart av verneprosessene.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev av 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«I følge Noregs geologiske undersøking (NGU) er førekomstområde Fosse registrert innanfor verneområdet<sup>4</sup>. Dette er ein kartlagt førekomst av basemetall/kobber, der betyding av førekomsten er ikkje vurdert. Førekomstområdet Goli, (basemetall/kobbar) er registrert ca. 350 meter sørvest for verneområdet. I følge NGU har det vore prøvdedrift på denne førekomsten på tidleg 1800- og 1900- talet. Betyding av førekomsten som ressurs er satt til «liten betyding.*

*Ut frå tilgjengeleg informasjon om registreringane i og utanfor verneområdet, har DMF ikkje grunnlag for å kome med merknadar eller gå i mot verneforslaget.»*

Det ligg link til NGU sine registreringar med utalen.

## STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL INNKOMNE MERKNADAR

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men skulle det vera aktuelt med beitedyr er det tatt høgde for det i verneforskrifta, jf. § 4b og h, § 6a, 7c og g.

Når det gjeld innspelet frå NVE så har vi tilpassa forskrifta slik malen til Miljødirektoratet legg opp til. Vi har og teke med områdekonsesjonærene Vest-Telemark Kraftlag AS og Midt-Telemark Energi AS på høyringslista.

### Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist **14. april 2021**.

Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Fylkesmannen summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Direktoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res av Kongen i statsråd.

### 5. Verneplanen sitt omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Dalåsen naturreservat	Hjartdal	6	2159 daa	(***) nasjonal

Verneverdien er satt til tre stjerner med grunngjeving i at rapporten frå kalkskogkartlegginga fekk 5 poeng (av 6 moglege).

## 6. Faktaark

LOKALITET:	<b>Dalåsen</b>
KOMMUNE:	<b>Hjartdal</b>
FYLKE:	<b>Vestfold og Telemark</b>
VERNEKATEGORI:	<b>Naturreservat</b>
AREAL:	<b>2159 daa</b>
HØGDE OVER HAVET:	<b>100-360 m o. h.</b>
EIGEDOM:	<b>Gnr./bnr.: 78/4, 78/6, 78/20, 79/2, 79/5, 79/39, 80/8</b>

### SKILDRING AV OMRÅDET

Dalåsen omfattar nord- og austvendte lier på sørsida av Heddal, ved Ørvella, på grensa mellom Hjartdal og Notodden. Lokaliteten er prega av slake-bratte jamne lisider med eit flatare toppområde rundt Dalåsen. Lisidene er for det meste jamne med einskilde grunne bekkedaler. Stup og skrentar finnest berre nokre stader i de brattaste liene. Berggrunnen er metasandstein og skifer, der grunnlendte areal dominerer. I de brattaste liene finst det noko forvittringsmateriale i form av blokkmark og langs nokre søkk morenemateriale.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Vegetasjonen varierer ein stor del innan området, frå fattig barskog på toppområdet til kalkrike sesongfuktige sig og lågurtskog ned lisida. Rike grunnlendte areal er prega av mosaikkar med sesongfuktig tørkeutsett høgstaudeskog med overgangar til svak-lynglågurtskog og lyng/bærlynglågurtskog, med innslag av fattigare lyng- og bærlyngskog. Furu er gjerne dominerande med varierende innslag av einer, borealt lauv og gran, samt noko edellauv. Reinare lågurtskog inngår der det finnest meir jordsmonn. Her står gjerne grana sterkare, det gjeld også langs blåbærsøkk med innslag av fattig sumpskog og høgstaudeskog på toppområdet.

Området som heilskap vert dominert av eldre skog, hovudsakleg i naturskogtilstand. Toppareala er prega av strukturfattig gammalskog med spreidde gamle tre, ned liene blir skogen meir produktiv, større treslagsblanding og det er meir innslag av død ved, mest av gran, men også av furu og borealt lauv. Ferske til midlare nedbrytingsstadie dominerer, med godt nedbrotne stokkar nokre stader. Fleire stader i dei furudominerte liene står også gammal søyle-einer, som er eit viktig nøkkelement for raudlista lav. Gamle furutre finnes spreidd, mellom anna grove furuar på rundt 50 cm i diameter og stagnerte tre på fattig mark. Nokre av desse har gamle brannlyrer. Rik og produktiv låglandsfurskog med gamle tre og død ved er sjeldan i låglandet.

### VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtala. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Raudlista 2015 frå Artsdatabanken. EN = sterkt truga, VU = sårbar, NT = nær truga, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær truga».

Fjorten raudlisteartar er førebels kjend frå området, men det er eit klårt potensiale for fleire ut i frå både rikheit (markbuande sopp) og skogstrukturen. Artsmangfald får difor til høgaste verdi. Det er påvist eit nokså rikt mangfald av råtevedsopp knytt til gran, der mellom anna mindre vaneige og høgt raudlista artar som rustskinn (VU) og rosenjodskinn (EN) inngår med fleire funn, i tillegg til fleire meir utbreidde raudlista naturskogsarter. Knytt til død ved av

furur er hornskinn (NT) og okerporekjuke funne, også her kan fleire raudlisteartar inngå. På gammal einer er det påvist taiganål (VU) og trollringlav (NT).

Grunna tørke var sopphausten 2018 dårleg utvikla og ingen markbuande sopp funne. Dei kalkrike partia har godt potensial for kalkkrevjande markbuande sopp, inkludert raudlisteartar. Urterike låglandsskogar med død ved har også potensial for raudlista varmekjære insekt.

Dalåsen husar ein stor konsentrasjon av gammal låglandsbarskog med svakt naturskogspreg på store delar av arealet. Flekkvis også høge kjerneområdeverdiar knytt både til gammal granskog og gammal/kalkrik furuskog. Karakteristisk er også innslag av gammal søyleeiner, eit viktig substrat for mange krevjande skorpelav, samt spreidde kvalitetar knytt til død ved av borealt lauv og eldre edellauvskog. Den raudlista naturtypen kalk- og lågurtfuruskog (VU) dekkjer store areal. Det er også mindre innslag av høgstaudeskog (NT).

Gammal naturskog av furu i dette høgdelaget er sjeldan på Østlandet, særskilt større samanhengande areal. Lokaliteten føyer seg inn i rekkja av rike låglandsfuruskogar langs lisdene i Heddal-Hjartdal, men skil seg frå dei vest-sørvendte liene med eit større innslag av gran, eit noko meir humid/friskt preg, og eit rikt artsmangfald knytt til død ved av gran i tillegg til naturskogs kvalitetar av furu.

Totalt vert Dalåsen vurdert som nasjonalt viktig (5 poeng (av 6 moglege) i skala bruka i kalkskogregistreringa), der stor konsentrasjon av gammal låglandsbarskog, og god dekning av rike skogtypar er vektlagt. Det gir tre stjerner (\*\*\*)

Dalåsen dekkjer samla inn fleire viktige skogvern manglar. I tillegg til dei generelle manglane låglandsskog, storområde, biologisk gammal skog og høgbonitetsskog, dekkjer området fleire mangelnaturtypar/ansvarstypar. Den totale mangeloppfyllelsen vert vurdert som høg på store delar av arealet, spesielt i lisdene, i mindre grad på toppareala.

## **FØREMÅL**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av naturtypen kalk- og lågurtfuruskog, rik blandingsskog i låglandet, gamal låglandsbarskog med naturskogs preg og ein rik og variert karplanteflora.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomsten av fleire sjeldne og truga artar av sopp og lav.

## **ANDRE INTERESSER**

Ingen kjende.

## **TEKNISKE INNGREP**

Det går ein traktorveg inn i området frå aust. Den vert teikna inn på vernekartet.

## **PLANSTATUS**

Arealet er sett av til LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel.

## **MERKNADER**

Ingen spesielle.



## SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen under viser tall for skogdata i verneforslaget, splitta opp på den enkelte eiendom.

Gnr/bnr	Totalareal daa	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
		H	M	L	Sum	Myr	Vatn	Imp.	Annet	m3	m3
78/4	352	65	247	22	334			18		0,45	9107
78/6	177	28	81	37	146			21	10	0,40	3801
79/1	371	45	139	130	314			47	10	0,32	6979
79/2	427	30	210	114	354	4	13	56		0,31	8099
79/5	576	26	392	53	471			100	5	0,47	12753
80/8	263	14	194	1	209		7	47		0,40	6292
<b>Sum</b>	<b>2166</b>	<b>208</b>	<b>1263</b>	<b>357</b>	<b>1828</b>	<b>4</b>	<b>20</b>	<b>289</b>	<b>25</b>	<b>2,35</b>	<b>47031</b>

## LITTERATUR

Reiso, S. 2019. Naturverdier for lokalitet Diplemyrnatten, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus.



Parti med mykje daud ved. Foto: Sigve Reiso

## 7. Framlegg til verneforskrifter

### Kommentarar til forskriftene

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltakarar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om løyve, og då kan forvaltningsstyresmakta vurdere dette i høve til § 7 pkt. e.

Vedlikehald av bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i høve til tilstand på vernetidspunktet

Aktuelle bygningar, vegar og andre installasjonar som finst på vernetidspunktet blir vanlegvis teikna inn på vernekartet.

Motorferdsel

Motorferdsel er forbode etter § 5 pkt. a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7.

I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel og hest

I naturreservat er bruk av sykkel, hest og kjerre og riding berre tillate der det finst vegar eller stigar.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar.

Vegar og stiar kan haldast i hev ved rydding og merking for turgåing, sykling og riding. Riding med hest og vogn er ikkje tillat på sti. Enkel rydding av kvist og fjerning av greinar og nedfall i vegar og stigar som hindrar ferdsel kan gjerast utan søknad til Statsforvaltaren. Vindfall over vegar og stigar kan kappast og leggst til side. Normalt vil dette verte gjort av grunneigar eller Statens naturoppsyn (SNO).

Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 pkt. b til rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stigar ein ikkje har kjent til ved vernet.

Beiting og gjerding

Beiting er tillate etter forskrifta. Framtidig behov for gjerde innafor verneområdet må det søkes om. Det er ikkje kjent at det beitar husdyr innafor området i dag.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

## **Forskrift om vern av Dalåsen naturreservat i Hjartdal kommune i Vestfold og Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1.(føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av naturtypen kalk- og lågurtfuruskog, rik blandingsskog i låglandet, gamal låglandsbarskog med naturskogsprege og ein rik og variert karplanteflora.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomsten av fleire sjeldne og truga artar av sopp og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2.(geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Hjartdal kommune: 78/4, 78/6, 78/20, 79/2, 79/5, 79/39, 80/8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 2159 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Hjartdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. (vernereglar)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Beiting.

- c. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Oppsetting av mellombelse mobile jaktårn for storviltjakt.
- e. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f. Vedlikehald og merking av eksisterande stigar vist på vernekartet.
- g. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- h. Utsetjing av saltsteinar.
- i. Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller ved ein har tatt med, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j. Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- k. Oppgradering/fornyng av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- l. Vedlikehald av eksisterande traktorvegar vist på vernekartet slik tilstanden var på vernetidspunktet.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, bruk av hest og kjerre og riding er forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d. Nødvendig motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisera transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsmyndigheita.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 d.
- f. Oppgradering og fornyng av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4 k.
- g. Oppsetting og vedlikehald av gjerder.
- h. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.

- i. Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd b.
- j. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 h, j, k og l og § 7 a, c, d, f og g.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

#### **§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. (forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### **§ 12. (iverksetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.



*Lind i brattskrent innafor verneforslaget. Foto: Sigve Reiso*